Nr. 87

November 2026

>>>INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE<<<

BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland



VAKSINASJONSDAG PÅ BYGLAND TYSDAG 17. NOVEMBER. KL. 09 - 14

>>> LES MEIR - S. 4

Denne hausten kan du som er tilrådd å ta influensa-, korona- og/eller pneumokokkvaksine, få desse samtidig dersom du ønskjer det. Du må melde deg på for å få vaksine. Stad: Bygland kommunehus

LES MEIR - S. 14 <<<

Takk vere innsatsen frå frivillige, skular, kommunen og alle som gav, vart det samla inn over 114 000 kroner til ei viktig sak.

RESULTAT FRÅ TV-AKSJONEN 2026

INFORMASJON OM BETALING FOR TRYGGLEIKSALARM

>>> LES MEIR - S. 5

Har du tryggleiksalarm eller vurderer å søkje om det? Les informasjon om eigenbetaling, korleis betalinga blir kravd inn og kva ordninga inneber.



MERKETIDER NOVEMBER 2026: SET AV BASARDAGANE I BYGLAND

- laurdag 07.11. kl. 15.00: Basar i Ose grendehus til inntekt til nytt kjøkken. Ose i Bygland
- laurdag 15.11. kl. 17.00: Vonheimbasar. Vonheim bedehus, Bygland
- laurdag 21.11. kl. 11.00 -15.00 Julebasar i Ürdalshallen, Byglandsfjord.

BYGLAND KOMMUNE, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND, TLF. +47.37 93 47 00
E-POST: POST@BYGLAND.KOMMUNE.NO - BYGLAND.KOMMUNE.NO

OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00 (OBS! Stengt 15.10.)

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER

Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117
telefontider måndag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND

tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00

OBS! VAKSINASJONSDAG PÅ BYGLAND:
tysdag 17. november kl. 09:00-14:00 på kommunehuset (i kantina). Kantina finner du i 2. etasje. Rett ved siden av kommunestyresalen.

- Evje legekontor, Ljosheimvegen 5, 4735 Evje

måndag - fredag kl. 08.00 - 15.00

EVJE TANNLEGEKLINIKK



Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.
Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95; Nils Heglands veg 40, 4735 Evje

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025
På Bygland er det høve å sjå vikingutstillinga i biblioteket sine opningstider.



På biblioteka kan du låne bøker og tidsskrift på biblioteket. Du kan og tinge bøker o.a. som vi ikkje har, dvs.at biblioteka har eit godt fjenlånstilbod (også fagbøker). Du kan og låne bøker på andre bibliotek i heile landet og levere dei her.



BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- måndagar kl. 10.00 - 14.00
- onsdagar kl. 10.00 - 16.30
- torsdagar kl. 14.30 - 17.30



BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDSFJORD

- måndagar kl. 16.30 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 - 14.30

POLITISKE MØTE - NOVEMBER 2026

- **Kommunestyremøte: 10.11. kl. 09.00**
- **Formannskapsmøte: 19.11. og 03.12. kl. 09.00**
- **Bygland ungdomsrådsmøte: 27.11. kl. 11.30**
- **Råd for eldre og personar med funksjonsnedsettingar: 27.11. kl. 12.00**
- **Plan-, miljø- og ressursutvalet: 01.12. kl. 09.00**
- **Levekårsutvaletmøte: 02.12. kl. 09.00**

Livestreaming av og lydfiler frå kommunestyremøte
Vi ønskjer å vere ein open og transparent kommune. Difor blir kommune-styremøta streama direkte. Du kan og finne opptak frå tidlegare møte under Politikk og innsyn på heimesida vår: **bygland.kommune.no**

RÅD FOR ELDRE OG PERSONAR MED FUNKSJONSNEDSETTINGAR (REF)

JOLEBORD 2026

RÅDET FOR ELDRE OG PERSONAR MED FUNKSJONSNEDSETTINGAR
INVITERER TIL

JOLEBORD

STAD: REVSNES HOTELL
DATO: ONSDAG 09.12.2026 KL. 18.00

PÅMELDING TIL TELF ELLER SMS TIL:
95868260
INNEN:
22.11.2026

FØRSTEMANN TIL MØLLA OSV.

PRIS: KR. 250.- VIPPS TIL 95868260

ELLER KONTANT VED FREMMØTE



TILSKOT TIL ALDERSVENLEG OPPGRADERING AV EIGEN BUSTAD

Du kan få tilskot frå Husbanken til å gjere bustaden din meir aldersvenleg. Målet er at du skal kunne bu heime lenger, også når helsa di endrar seg. Tilskot er pengar du får, som du ikkje skal betale tilbake.

Les på Husbanken si heimeside: *husbanken.no/person/tilskudd-til-oppgradering-av-bolig/*

Husbanken sin brosjyre ***Tilskot til aldersvenleg oppgradering av eigen bustad*** kan du hente ved sentralbordet på kommunehuset på Bygland.

EVJE MOBILT PASS– OG ID-KONTOR

Hugs å bestille time:
https://www.politiet.no/om-politiet/organisasjonen/politidistrikter/agder/evje-mobilt-pass-og-id-kontor

Bygland, Evje og Hornes politistasjon Verksvegen 4, 4735 Evje	18. november: 08.00 – 15.30 19. november: 08.00 – 15.30

NETTSIDEPROSJEKT "SENIOR I BYGLAND"

REF og Bygland kommune har starta prosjekt for å etablere eit eige område på kommunen si heimeside der seniorar og eldre enkelt kan finne relevant informasjon samla på éin stad. Meir om seniorsida kan du lese i **Byglandsnytt desember 2026**.

HELSE OG OMSORG

VAKSINASJONSPROGRAM FOR VAKSNE: VAKSINERING HAUSTEN 2026



Evje og Hornnes kommune og Bygland kommune følgjer styresmaktene sine råd for vaksinasjonsprogrammet for vaksne. Denne hausten kan du som er tilrådd å ta influensa-, korona- og/eller pneumokokkvaksine, få desse samtidig dersom du ønskjer det.
På grunn av produksjonsutfordringar hos enkelte vaksineprodusentar blir distribusjonen av sesonginfluensavaksinar i år forseinka. Dette er ei nasjonal utfordring som også råkar fleire andre land. Som følgje av dette blir årets influensavaksinering i Evje og Hornnes kommune gjennomført i veke 48. I Bygland kommune blir det ein vaksinasjonsdag i veke 47.

Vaksinasjonsdag på Bygland:
tysdag **17. november kl. 09:00-14:00** på kommunehuset (i kantina i 2. etasje)
Kantina finner du i 2. etasje på Bygland kommunehuset. Rett ved siden av kommunestyresalen.

Slik bestiller du time

- **Bestill time digitalt på helsenorge.no**

Husk å merke bestillingen din med hvilke typer vaksine du ønsker å ta.
NB! Kun de som har fastlege ved Evje og Bygland legesenter kan bestille time digitalt. Andre må ringe inn for å bestille time.

- **Bestill time ved å ringe legesenteret**

Dersom du ikkje kan bestille time digitalt, kan du bestille time ved å ringe Evje og Bygland legesenter på telefonnummer **374 07 900**.
Telefonen er åpen kvardagar kl. 08:30-11:30 og 13:00-15:00.

Hva koster vaksinene?
Du kan betale med kort eller VIPPS. Vaksinene blir billigere dersom du velger å ta flere av dem samtidig.

Priser for enkeltvaksiner

- Influensavaksine: 308 kr
- Koronavaksine: 110 kr
- Pneumokokkvaksinen Prevenar (til de født i 1960 og 1961): 110 kr

Priser dersom du tar flere vaksiner

- Influensa- og koronavaksiner: 308 + 85 = 393 kr
- Influensa- og pneumokokkvaksinen Prevenar: 308 + 85 = 393 kr
- Korona- og pneumokokkvaksinen Prevenar: 85 + 85 = 170 kr
- Influensa-, korona- og pneumokokkvaksinen Prevenar: 308 + 85 + 85 = 478

REDAKSJONSNOTAT **BYGLANDSNYTT NR. 87**

Ansvarleg redaktør: Simon Ellingsberg - Redaktør: Susanne Hegenscheidt
Bilete: *Framside*: Kvitsand på Frøyrak; *Innhald* (m.m. anna er spesifisert): Bygland kommune; *Kva skjer*: Gamal kvernhus på Gausi / Bygland kommune
Arkiv: bygland.kommune.no/byglandsnytt
Byglandsnytt desember 2026: 01.12.2026, skrivefrist: 26.11.
Send tipps til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt

HELSE OG OMSORG

INFORMASJON OM BETALING FOR TRYGGLEIKSALARM
Har du tryggleiksalarm eller vurderer å søkje om det? Her får du informasjon om eigenbetaling, korleis betalinga blir kravd inn og kva ordninga inneber.



Det har den siste tida kome nye avklaringar om kommunen sitt høve til å krevje eigenbetaling for tryggleiksalarm.

Kommunen har fram til no kravd betaling for tryggleiksalarm som ein del av tenestetilbodet. På bakgrunn av dei nye avklaringane vil kommunen no gå gjennom ordninga og vurdere betalinga for den enkelte brukar.

Det er avklart at kommunen ikkje kan krevje eigenbetaling for tryggleiksalarm når alarmen er ein del av nødvendige helse- og omsorgstenester som kommunen har plikt til å tilby utan eigenbetaling. I andre tilfelle kan det, etter ei konkret vurdering, vere høve til å krevje betaling.

Kva betyr dette for deg?
Kommunen vil gå gjennom vedtaket ditt om tryggleiksalarm og vurdere kva behov alarmen er tildelt for. Du treng ikkje å sende inn ein ny søknad.

- Dersom vurderinga viser at kommunen ikkje kan krevje betaling for tryggleiksalarmen din, vil innkrevjinga bli avslutta.
- Dersom kommunen etter vurderinga kjem fram til at det framleis er høve til å krevje betaling, vil du få informasjon om dette og om grunnlaget for betalinga.
- Kommunen vil også vurdere tidlegare innbetalingar i samband med gjennomgangen.

Det er på noverande tidspunkt ikkje teke stilling til om eventuell tilbakebetaling skal skje. Dersom gjennomgangen viser at det er grunnlag for tilbakebetaling, vil kommunen informere deg særskilt om dette.

Du treng ikkje gjere noko no
Du treng ikkje å sende inn ny søknad eller ta kontakt med kommunen no. Kommunen vil ta kontakt dersom det er behov for ytterlegare opplysningar.

Vi beklagar eventuelle ulemper endringa kan føre til, og takkar for forståinga medan kommunen går gjennom ordninga.

Har du spørsmål?
Kristina Ose, Avdelingsleiar open omsorg
E-post: kristina.ose@bygland.kommune.no - Mobil 99 53 07 99

REGELMESSIG TILBOD PÅ BYGLANDSHEIMEN (PÅ ONSDAGANE)

o kl. 12.00 -15.00: Open dag
o kl. 15.30 Onsdagsmiddag - kr. 125; → påmelding innan måndag kl. 12.00 (maks 10 påmeldte); Byglandsheimen kjøkken, tlf. 94 53 29 40

Kontakt:
Kenneth Fyhn, Trivsleskoordinator, tlf. 90 22 55 03; Byglandsheimen, Prestlidi 68, 4745 Bygland

INFORMASJON OM KVA SOM SKJER PÅ BYGLANDSHEIMEN I FRISKUS-APPEN

Programmet til Byglandsheimen finn du òg på Friskus-appen, arrangørsida til Byglandsheimen.
Slik gjer du:

- Last ned Friskus-appen på mobilen din,
- vel kommunen du vil følge, t.d. Bygland kommune; du kan følge fleire kommuner
- No kan du bytte att og fram mellom *Nyheter* og *Aktiviteter*.
- Vel så “Passer for” Senior. Du får ei oversikt over arrangement i Bygland som passer for eldre.

SAMFUNN

FAMILIEBADING OG BADSTOGA PÅ BYGLAND



FOTO: PIXABAY.COM

tysdagar kl. 17.00 - 20.00
fredagar kl. 17.00 - 20.00
IKKJE i skuleferien. Symjehallen er open fram til 19.03.2027.
Badstoga er open når symjehallen er open. Du må ha badetøy på deg, når du besøker badstogaen!
Tilbodet er gratis.
Badevakt: Astrid Carlsen
Stad: Symjehallen på Bygland skule (inngang til venstre og rundt hjørnet av hovudinngangen til skulen). Fv322 140, 4745 Bygland.
Alle gjester må gå inn gjennom hovudinngangen til symjehallen slik at badevakta har oversikt over kven som er i anlegget.

HAREPEST PÅVIST I AGDER



FOTO: PIXABAY.COM

Det er dei siste vekene påvist tilfelle av harepest i Agder. Vi har no òg fått melding om funn av død hare i Evje og Hornnes. Kommunen ønskjer melding om eventuelle funn av død hare til skogbrukssjef Inge Olav Fjalestad på telefon **90 73 05 32**.

Harepest er ein bakteriesjukdom som førekjem hos ville dyr, særleg harar og smågnagarar. Sjukdomen smittar ikkje direkte mellom menneske. Det er ikkje uvanleg med tilfelle på seinsommaren og hausten, men med jaktsesongen i gang oppmodar vi jegerar og andre som ferdast i skog og mark til å ta nokre enkle forholdsreglar.

Råd for å redusere risikoen

- Ikkje drikk vatn direkte frå naturen utan at det er kokt eller desinfisert.
- Kontroller private brønnar jamleg og sørg for at dei er sikra mot smådyr og overflatevatn.
- Unngå kontakt med sjuke eller døde harar og smågnagarar. Bruk hanskar dersom dyr må handterast, og vask hendene godt etterpå.
- Fukt musemøkk før reingjering. Unngå å feie eller støvsuge tørt materiale.
- Bruk myggmiddel og klede som dekkjer huda når det er mykje mygg.
- Undersøk huda for flått etter ferdsel i skog og mark, fjern flått så raskt som mogleg.
- Unngå at hundar og katter sleikjer deg dersom dei nyleg har bite i eller vore i kontakt med sjuke eller døde dyr.

Symptom

Vanlege symptom er feber, hovudverk, frysningar, trøyttleik, hovne lymfeknutar og sår som ikkje gror. Symptoma kjem vanlegvis innan 3 til 5 dagar etter smitte, men det kan ta opptil tre veker før sjukdomen viser seg.

Meir informajson på FHI sine nettsider: www.fhi.no; søkeord: “Harepest”

SAMFUNN

FØRESPURNAD OM LØYVE TIL RYDDING AV TRE LANGS KOMMUNALE VEGAR

Bygland kommune ber om grunneigarane si velvilje til rydding av skog og vegetasjon langs kommunale vegar for å skape tryggare og meir framkomelege vegar.

Kjære grunneigar,
Bygland kommune arbeider kontinuerleg med å betre trafikktryggleiken og framkoma på dei kommunale vegane. Mange stader er vegane omgjevne av skog og større tre som ved snøfall, vind og uvêr kan føre til at tre og greiner legg seg over vegbana. Dette skaper utfordringar både for trafikantar, utrykkingskøyretøy og kommunen sitt vintervedlikehald.
Kommunen eig i mange tilfelle berre eit avgrensa areal langs vegane, og vi ønskjer difor velvilje frå grunneigarane til å rydde skog og vegetasjon inntil 5 meter frå asfaltkanten på begge sider av kommunale vegar.

Tiltaket vil bidra til:

- betre trafikktryggleik og siktforhold langs vegen
- mindre risiko for trefall og greiner over vegbana om vinteren
- betre framkome for utrykkingskøyretøy, renovasjon og annan trafikk
- meir sollys på vegbana slik at snø, is og fukt tørkar raskare opp
- redusert behov for strøing og vintervedlikehald

Arbeidet er planlagt å starte frå senvinteren 2027 og vil deretter vere eit kontinuerleg tiltak langs det kommunale vegnettet etter behov. Kommunen vil utføre arbeidet på ein skånsam måte og avgrense ryddinga til det som er nødvendig for å oppnå formålet.
Alt tømmer vil bli lagt att på ein eigna stad på eigedomen. Kvist og mindre greiner vil bli samla inn og fjerna av kommunen.
Vi håpar på positiv velvilje og eit godt samarbeid om tiltaket. Dersom du har sterke innvendingar mot ryddinga på eigedomen din, eller ønskjer nærare informasjon om tiltaket, ber vi om at du tek kontakt med kommunen.

Med venleg helsing

Bygland kommune
Teknisk drift

Kontaktperson:
Thomas Patrick Salvesen Walther, telefon: 902 96 301

REDUSERT KAPASITET PÅ BYGGESAKSHANDSAMING

Bygland kommune vil ha redusert kapasitet på byggesakshandsaming i ein periode framover. Dette kan føre til lengre saksbehandlingstid enn vanleg.
Vi ber om forståing for at behandling av byggesaker, delingssaker og andre førespurnader innan plan- og byggesaksområdet kan ta lengre tid enn det innbyggjarar og utbyggjarar er vane med.

SAMFUNN

NY VASSOMRÅDEKOORDINATOR SKAL VIDAREFØRE VIKTIG ARBEID FOR OTRA

Vassområdet Otra har fått ny vassområdekoordinator. Koordinatoren tek over etter ein forgjengar som har lagt ned eit betydeleg arbeid for å styrkje samarbeidet om vassmiljøet i regionen.

Vassområdekoordinatoren har ansvar for å koordinere arbeidet med å ta vare på elvar, bekkar, innsjøar og grunnvatn i heile Otra-vassdraget. Dette inneber mellom anna å samle kunnskap om vassmiljøet, følgje opp miljøutfordringar og leggje til rette for samarbeid mellom kommunar, grunneigarar, næringsliv, organisasjonar og offentlege styresmakter. Arbeidet omfattar òg tiltak for å betre vasskvaliteten, som restaurering av bekkar og elvar, reduksjon av forureining frå avløp og avrenning, samt tiltak som styrkjer naturmangfaldet i og langs vassdraga.

Vassområdet omfattar kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Iveland, Vennesla og Kristiansand. Sjølv om kommunane har ulike utfordringar, er dei alle knytte saman gjennom Otra og eit felles ansvar for vassmiljøet.

God vasskvalitet er viktig både for innbyggjarane si helse og trivsel, for naturmangfaldet og for næringar som er avhengige av reine vassressursar.

Innbyggjarar, grunneigarar, lag og organisasjonar som har spørsmål, bekymringar eller forslag til tiltak knytte til vassmiljøet i regionen, vert oppmoda om å ta kontakt med vassområdekoordinatoren. Lokalt engasjement og kunnskap er viktige bidrag i arbeidet med å ta vare på dei felles vassressursane våre.

Den nye koordinatoren ser fram til å byggje vidare på det solide grunnlaget som allereie er etablert, og til å vidareutvikle samarbeidet for eit reint og levande vassmiljø i heile Otra-vassdraget.

Tatiana Kozhina
Vassområdekoordinator for Otra vassområde
M +47 90635715| E tatiana.kozhina@bygland.kommune.no



Tatiana Kozhina, Vassområdekoordinator for Otra vassområde. Foto: privat

REFLEKS REDDER LIV – BLI SETT I MØRKET

Når dagane blir kortare og mørket kjem tidlegare, er det ekstra viktig å gjere seg synleg i trafikken. Ein enkel refleks kan vere forskjellen på om du blir sett eller ikkje.

Bruk refleks kvar gong du går ute i mørket

Mange trur dei er godt synlege fordi det er gatelys eller lys frå butikkar og bilar rundt dei. Slik er det dessverre ikkje alltid. Som fotgjengar kan du vere vanskeleg å få auge på, også i område med god belysning. Derfor bør du alltid bruke refleks når du ferdast ute i mørket.

Refleks gir bilførarar meir tid til å reagere

Utan refleks er du synleg for ein bilførar først når bilen er om lag 25–30 meter unna. Med refleks kan du bli sett på opptil 140 meters avstand når bilen køyrer med nærlys. Det gir bilføraren om lag 10 sekund til å reagere, i staden for berre 2 sekund.

OPPVEKST

FYSISK AKTIVITET GIR GEVINST FOR LIVET!
Tilsette frå Bygland kommune deltok tysdag 27.oktober på Agder Fylkeskommune sin regionale konferanse om fysisk aktivitet. Konferansen samla politikarar, fagpersonar, frivillige organisasjonar og andre aktørar med eit felles mål: å finne gode løysingar som gjer det enklare for fleire å vere fysisk aktive i kvardagen.



Ann Cecilie Attestog, Siri Ripe-guttu, Maj Sjøvold, Anne Fauske
Foto: privat

Gjennom dagen vart det løfta fram både forsking, praktiske erfaringar og gode døme frå kommunar og organisasjonar. Eit sentralt bodskap var at små endringar i kvardagen kan gi store helsegevinstar, og at fysisk aktivitet må byggjast inn i oppvekstmiljø, nærmiljø og samfunnsplanlegging.

For Bygland kommune var fleire tema særleg relevante. Innlegg om leik i skulen, attraktive uteområde, tilgjengelege nærfriluftsområde og korleis vi kan leggje til rette for aktivitet utan store kostnader, gir nyttige perspektiv inn i det lokale utviklingsarbeidet. Det vart også sett søkjelys på korleis aktivitet kan bidra til inkludering, meistring og sosial utjamning.

Konferansen understreka at det helsefremjande arbeidet ikkje berre handlar om idrett og trening, men om å skape eit lokalsamfunn der det er naturleg å gå, leike, sykle og vere i aktivitet gjennom heile livet.

Bygland kommune arbeider spesielt aktivt for å styrkje dei helsefremjande og førebyggjande tiltaka for barn og unge gjennom utviklingsarbeide Helsefremjande barnehagar og skular. Erfaringane frå konferansen vil vere eit viktig bidrag i det vidare arbeidet med å utvikle gode oppvekstmiljø, attraktive møteplassar og aktive lokalsamfunn i kommunen.

ELEVANE SI STEMMER ER VIKTIG- INFORMASJON OM ELEVUNDERSØKINGA 2026
I november skal elevar ved skulane i Bygland kommuen delta i den nasjonale elevundersøkinga. Undersøkinga gir elevane høve til å sei si meining om forhold som er viktige for læring og trivsel i skulen. Elevane svarar på påstandar om trivsel, læringsmiljø, motivasjon, mobbing og støtte frå lærarane.



Målet med undersøkinga er å gje skulane kunnskap som kan nyttast til å utvikle eit trygt, inkluderande og godt læringsmiljø for alle elevar. Svara frå elevane er ein viktig del av skulane sitt kontinuerlege arbeid med kvalitet og utvikling av opplæringa.

Resultat frå elevundersøkinga er tilgjengeleg frå 10. desember 2026 og inngår i skulebasert vurdering ved skulane. Skulebasert vurdering handlar om å vurdere i kva grad skulen når måla for opplæringa og kva som kan gjerast for for å utvikle praksis og styrke elevane si læring, trivsel og inkludering. Når elevane deler erfaringane sine, får skulen eit viktig grunnlag for å identifisere styrkar, avdekke utfordringar og prioritere rette tiltak.

Det er frivillig for elevane å delta, og dei kan velje å hoppe over påstandar/spørsmål som dei ikkje ønskjer å svare på. Undersøkinga er anonyme og resultat blir handsama etter strenge reglar slik at einskilde personar ikkje skal kunne identifiserat.

I Bygland ønskjer vi at alle barn og unge skal oppleve å bli høyrde. Gjennom elevundersøkinga får dei ei viktig stemme i arbeidet med å utvikle gode skular der alle kan lære, trivast og kjenne tilhøyrsle.

OPPVEKST

"LEIK FOR LIVET" - FOREDRAG FOR DEG MED BARN I BYGLAND KOMMUNE

“Leik for livet - Korleis leik kan stimulere til livslyst og utvikling?”, foredrag med Charlotte Lunde.

Måndag 16. november på Bygland kulturscene. Kl. 17.30 - 18.30 *kvardagen."*


Charlotte Lunde. Foto: Ellen Lorenzen / Universitetsforlaget

«Charlotte Lunde er lege, journalist og tidlegare programleiar på NRK barne-tv, og held foredrag over heile landet. Ho arbeider til vanleg som barne- og ungdomspsykiater og er opptatt av mental helse hos barn og unge. Saman med nevroforskar Per Brodal har ho gitt ut boka «Lek og læring i et nevroperspektiv» som handlar om leikens betydning for helse og utvikling. Eit foredrag med Charlotte Lunde gir deg innsikt i korleis merksemda vår er ein avgrensa ressurs og korleis vi kan bruke den betre. Kvifor leik er naudsynt for læring – og korleis du kan implementere meir leik i kvardagen."

KULTUR

«DET GYLDNE EVANGELIUM» AV GABRIEL SCOTT MED SVEIN KLEIVANE PÅ BIBLIOTEKET PÅ BYGLAND


Svein Kleivane. Foto: Geir Daasvatn

Torsdag 22.10 hadde vi ei fin stund på biblioteket med Svein Kleivane. Vi er mange som var i Kulturscena i mai for å sjå den flotte førestillinga «Kilden» av Gabriel Scott.

I Bygland er vi så heldige som har ein eigen kjentmann når det gjeld livet og forfattarskapet til Gabriel Scott. Denne kvelden serverte Svein både fakta og morosame anekdotar om ein forfattar som på tross av at han var presteson, hadde eit bilete på veggen med bodskapet; «Vår Herre bevare dette hus, fra teologer og veggelus»! Bodskapet i Det Gyldne Evangelium var og fint å få med seg, i ei uroleg verd. I vandringa på jorda finn St.Peter ut kva redninga for verda er: « Jeg har funnet det, suste det i ham,botemidlet er kjærlighet, ...for alle slekter og alle tider».

Vi vil takke Svein Kleivane for at han gong etter gong stillar opp rundt omkring i kommunen og spreier både kunnskap og glede.

BYGG BYGLAND

OVERSIKT OVER TILSKOT TIL NÆRINGSPROSJEKT I BYGLAND

På Bygg Bygland si heimeside finn du ei samla oversikt over tilskota som er tildelte til prosjekt til næringsutvikling, stad- og bustadutvikling og utviklingsevne i Bygland. Moglegheitsutviklar i Bygg Bygland, Gyro Heia orienterer om at per 26.10.2026 er det tildelt **4.073.036 kroner** gjennom ordninga.

BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

BYGLAND KYRKJELEGE FELLESRÅD
Sentrum 18, 4745 Bygland; bygland.kyrkje.no og FB



Prest: Mats Hansen: 938 00 707
Kyrkjeverje: Anne Synnøve Ropstad: 90 91 66 64
Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159

- **Gudsteneste:**
  - **sundag 29.11. kl. 20.00 i Bygland kyrkje**
- **Andakt på Byglandsheimen: 10. og 24.11. kl 14.00**
- **Herre café: tysdag 03. og 17.11. kl. 12.00 -15.00, Bjoren Brygge**
- **Konsert: Førjolskonsert: Stevleik møter country, Setesdal kulturkyrkje på Tveit, 28.11. kl. 17.00 -18.30**



FØRJOLSKONSERT STEV MØTER COUNTRY
i Setesdal kulturkyrkje på Tveit, 28. november kl. 17.-18.30.
Stevleik med Kirsten Bråten berg og lokale kvedarrar frå Setesdal Spelemannslag.

Solister:
Vidar Frøysnes, Oddvar og Øyvind Omnes og Sigrid K. Jore.
Husband:
Tor Ånon Kleivane, Finn Håkon Borgi, Runar Granheim og Eirik Hodnemy.
Billettar: kr. 250,-
Kan kjøpast på Checkin.no
Ved spørsmål ring: 95041185.

Gratis inngang for dei under 15 år.



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND
Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland
Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland
e-post: post@bygland.frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no
Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70



Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka
- Innsats for andre, valfag for 8. klasse: Kan tilby praktisk hjelp heime.

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Måndagscafe: måndagar i oddetalsveker kl. 12.00 - 14.00 (02. m/ Torgeir Moseid, 16. m/ Sigurd Haugsgjerd og 30.11. m/ Geir Daasvatn)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetalsveker kl. 16.00 - 17.30 (03. og 17.11.)
- Bingo: tysdagar i partalsveker kl. 18.00 -20.00 (10.og 24.11.)
- Strikkecafé: til vanleg 1. og 3. torsdag i månaden kl. 18.00 - 21.00 (05. og 19.11.)

Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening i Byglandshallen: kvar torsdag kl 13.00 - 14.00
- Teppebowls: torsdagar i oddetalsveker kl. 16.30 - 18.00 (05. og 19.11.)

Aktivitetar andre plasser

- Seniorsenter: annakvar måndag, kl. 11.00 - 14.00 – Grendi skule (09. og 23.11.)
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.00 - 20.00, Nesmoen 3, Bygland
- Besøkshund på Byglandsheimen: onsdag 11.11. kl. 14.30 - 15.30

Følg Bygland frivilligsentral si arrangørside på Friskus-appen for arrangement og nyheitar.

Friskus Bygland

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

Bygland ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland



- Måndagar: Juniorklubb (5 - 7 klasse; kl. 16.30 -19.30)
- Onsdagar: Ungdomsklubb (8 klasse - 3. vgs; kl. 18.00 - 21.00)
- Fredagsklubb i Årdalshallen, Byglandsfjord: 5.-7.trinn (kl. 18.00 - 21.00; 1x/månad); **13.11.**

Følg elles med på Bygland ungdomsklubb si Friskus-side for arrangement.

Friskus Bygland

BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

FRISKUS BYGLAND - FÅ NYHEITER FRÅ KOMMUNEN RETT I LOMMA

Bygland kommune har komet godt i gang med **Friskus Bygland** – den nye app-en som samlar kommunale nyheiter, aktivitetar, arrangement og frivillige oppdrag på éin stad. Målet er å gjere det enklare for innbyggjarane å halde seg oppdaterte, oppdage nye møteplassar og delta aktivt i lokalsamfunnet.

Eit verktøy for heile lokalsamfunnet

Friskus Bygland blir godt tatt i mot av byglendingane. Per no er det alt **340 personar** som har oppretta brukar i appen.

Lag, foreiningar, organisasjonar, bedrifter og offentlege verksemder kan òg bruke løysinga til å synleggjere aktivitetane sine. Arrangørar kan opprette ein gratis profil, publisere arrangement, handtere påmeldingar og kommunisere med deltakarar. Per no er det **28 lag og foreiningar** som er har oppretta arrangørside.

Me gleder oss til fleire brukarar og arrangørar!

Slik kjem du i gang

1. Last ned appen Friskus Bygland frå App Store (iPhone) eller Google Play (Android).
2. Opne appen på mobilen.
3. Vel Opprett brukar.
4. Skriv inn namn, e-postadresse og lag eit passord.
5. Når registreringa er ferdig, kan du sjå aktivitetar, arrangement og nyheiter frå kommunen.



Du kan også skanne QR-koden for å kome direkte til nedlasting av appen.

Bli arrangør

Har du oppretta brukar og ønskjer å leggje inn aktivitetar i kalenderen på vegner av eit lag, ei foreining eller ein organisasjon?

Logg inn i appen med brukaren din og vel «Bli arrangør» for å opprette ein arrangørprofil og publisere aktivitetar.

Det er mogleg å gi fleire personar frå same lag eller foreining tilgang til arrangørprofilen. Då kan fleire vere redaktørar og leggje inn og oppdatere aktivitetar.

Godt å vite:

Du treng ikkje vere arrangør for å sjå aktivitetar og nyheiter i appen. Arrangørprofil er berre for dei som ønskjer å leggje ut aktivitetar på vegner av eit lag, ei foreining eller ein organisasjon.

Velkomen til Friskus Bygland!

Friskus Bygland

BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

RESULTAT FRÅ TV-AKSJONEN 2026



FOTOGRAF:MIKKEL STRØM/NRK TV-AKSJONEN

Sterkt fellesskap og stor gjevarglede gav eit flott resultat under årets TV-aksjon i Bygland. Takk vere innsatsen frå frivillige, skular, kommunen og alle som gav, vart det samla inn over 114 000 kroner til ei viktig sak.TV-aksjonen i Bygland vart arrangert av Bygland Frivilligsentral i samarbeid med varaordføraren og frivillige.

I år vart Bygland kommune nummer 4 i Agder når det gjeld innsamla beløp per innbyggjar under TV-aksjonen søndag 18. oktober. Me samla inn heile 98,13 kroner per innbyggjar! Totalt samla me inn 43 576 kroner på bøssene. Vipps-gåver er også rekna med.

Det totale innsamla beløpet syner så langt at me har samla inn 114 518 kroner! Bygland kommune bidrog med 20 000 kroner. Skulane bidrog med heile 24 602 kroner. Bygland skule samla inn 20 000 kroner gjennom skuleløp, medan Byglandsfjord skule samla inn heile 4 080 kroner gjennom lommelyktrebus.

I Bygland er me heldige som har mange flotte bøsseberarar som seier ja til å gå med bøsse år etter år. Samstundes har me også fått nokre nye med på laget. Totalt hadde me 22 bøsseberarar i aksjon denne søndagen.

Tusen takk til dykk som nytta ein verdifull del av tida dykkar på å støtte ei god sak! Ikkje minst vil me takke alle dykk som tok så godt imot bøsseberarane. Utan den gode mottakinga hadde me heller ikkje fått eit så flott resultat!







TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTØMING – NOVEMBER 2026



- **Matavfall og restavfall: veke 46: torsdag 12.11.**
- **Papir og plast: veke 48: tysdag 24.11.**
- **Matavfall og glass/metall: veke 48: torsdag 26.11.**

GJENVINNINGSSTASJONER

- Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (11.11.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (28.11.)
- Syrtveit, Evje: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (14.11.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS, e-post: post@smg-iks.no; heimeside: smg-iks.no, tlf. 901 94 724

KINO PÅ BYGLAND KULTUR-SCENE - NOVEMBER

BYGDEKINOEN

ONSDAG 18. NOVEMBER

kl. 17:30: Julenissens verksted (for alle; familiefilm)

kl. 19.30: Ebenezer (12 år; sort komedie)



BYGLAND FILMKLUBB

SUNDAG 15. NOVEMBER

KL. 18:00: The North-mann (2022)

15 år. Action Epic



YMSE

TURISTINFORMASJON PÅ BYGLAND I STOGA KAFÉ

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 906 65 459

Stoga A/S leverar turistinformasjontenesta i Bygland.

Her får du informasjon og turtipps, kaffe og snacks. Stoga arrangerer også kulturarrangement, og guida turar på førespurnad.

Vert og guide: Olav Grendstad. Ope sundagar kl. 13 - 20



KVA SKJER I BYGLAND

NOVEMBER 2026

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
tysdag 03.11.	Byglandsheimen	kl. 14-15	Konsert med Vonheimkoret
tysdag 03.+17.11.	Bygland frivilligsentral	kl. 16-17.30	Bygdemiddag
tysdag 03.+17.11.	Kyrkjeleg fellesråd/Bjoren Brygge; Brygga, Bygland	kl. 12-15	Herrecafé
tysdag 10.+24.11.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
laurdag 07.11.	Austad Gama; Ose grendehus	kl. 15-17	Basar på Ose grendehus
onsdag 11.11.	Byglandsfjord Grendelag, Årdalshallen	kl. 17 -19	Juleverksted for barn
laurdag 14.11.	Vonheim bedehus, Bygland	kl. 17	Vonheimbasar
sundag 15.11.	Bygland filmklubb, Kulturscena	kl. 18	Film: The Northman (15 år)
måndag 16.11.	Bygland oppvekst, Bygland kulturscene	kl. 17.30-18.30	"Leik for livet" - foredrag for deg med barn i Bygland
onsdag 18.11.	Bygdekinoen; Kulturscena	kl. 17.30	Film: Julenissens verksted
onsdag 18.11.	Bygdekinoen; Kulturscene	kl. 19.30	Film: Ebenezer (12 år)
laurdag 21.11.	Byglandsfjord grendelag; Årdalshallen	kl. 11 - 15	Julemarknad på Byglandsfjord
laurdag 28.11.	Setesdal kulturkyrkje på Tveit	kl. 17	Konsert Stev møter country
sundag 29.11.	Bygland kyrkje	kl. 20	Kveldsgudsteneste

Arrangement i regi av Bygland frivilligsentral (t.d. Bygdemiddag) og Bygland ungdomsklubb: s. 12

For fleire arrangement sjå:

Friskus Bygland

Familiebading og Badstoga - Symjehallen på Bygland Skule
Open (i skuletid) kvar tysdag og fredag kl. 17.00 -20.00